

Uttale til dispensasjonssøknad – gbnr. 188/66.

Det er søkt om dispensasjon fra rekkefølgjeføresegn 4.3.1 og 4.3.2 vedteke i Reguleringsplan for E39 Knarvik sentrum – oval rundkøyring.

Avdeling for utbygging og avtaler gjer med dette uttale til dispensasjon frå føresegn 4.3.2 angåande tidspunkt for inngått utbyggingsavtale.

Det er plan- og bygningsloven § 19-2 gjev føringar for om det kan gjevast dispensasjon eller ikkje. Paragrafen listar opp kumulative vilkår som må vere til stades for at dispensasjon kan gjevast.

- 1) Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegna det dispenserast frå, eller omsyna i lovas føremålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser, vert vesentleg sett til sides.
- 2) Fordelene ved å gje dispensasjon skal vere klart større enn ulempene.

Føresegn 4.3.2 legg føringar for kor tid utbyggingsavtalen skal vere inngått.

«Før det kan gjevast rammeløyve for nye tiltak etter pbl §20-1 bokstav a og d, eller ferdigattest for gjennomførte tiltak innanfor det einskilde delfelt, skal offentlege samferdselstiltak, som regulert i plan 1263-201002, vere opparbeidd eller sikra opparbeidd (.....)».

Som eit resultat av ein utbyggingsavtale kan tiltakshavar forplikte seg til å opparbeide offentleg infrastruktur. Omsynet bak kravet om å inngå utbyggingsavtale er at naudsynt offentleg infrastruktur vert sikra. I dette tilfellet skal tiltakshavar byggje ut etter to ulike planar der tidsfrist for inngått utbyggingsavtale er forskjellig. I områdeplan for Knarvik er kravet lagt til før IG vert gjeve, mens det i Oval rundkøyring er før søknad om ramme. Vi ser det som uproblematisk at det i denne saka vert gjeve dispensasjon slik at fristen er i tråd med områdeplan for Knarvik sentrum. Vi vurderer difor at føresegna ikkje vert sett til sides i det heile.

Vi kan ikkje sjå at det er nokre ulempar ved å dispensere frå ovannemnte føresegn. Det er etter vår vurdering ein samfunnsmessig fordel at felta vert bygga ut og at Knarvik sentrum vert utvikla.